



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
059/21	Plan- og eigedomsutval	18.10.2021
086/21	Kommunestyret	04.11.2021

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
21/36 - 21/7046	K2-L12	Tirill Evensen 95984628	04.10.2021

Slutthandsaming - Detaljregulering Flaumløp E16 Hylland

Saka gjeld:

Slutthandsaming av framlegg til detaljreguleringsplan for Flaumløp E16 Hylland. Planforslaget har vore ute til offentleg ettersyn i perioden 15.06.2021 - 15.08.2021.

Tilråding frå rådmannen:

Detaljregulering for Flaumløp E16 Hylland, planid 4641-2021002, vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Saksframlegg

Statens vegvesen har i samarbeid med Aurland kommune, utarbeida detaljreguleringsplan for Flaumløp E16 Hylland, i samsvar med plan- og bygningslova § 3-7. Forslaget består av plankart, reguleringsføresegner, planomtale og ROS-analyse.

Planområdet ligg i Nærøydalen som ligg innanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap som står på UNESCOs verdsarvliste. Området grensar mot E16 i nord, og plangrensa er samanfallande med grensa for Nærøyfjorden landskapsvernområde i sør. Planområdet er eit flaumlaup som i hovudsak består av stein i ulik storleik og litt vegetasjon.

Planområdet tilhøyrar gnr.61, bnr.2 i Aurland kommune. Regulering av området til vegformål vil vere grunnlag for å erverve arealet.

Formålet med planen er å regulere eit område med skredfare og flaumløp tett inntil E16 slik at Statens vegvesen kan vedlikehalde og rydde flaumløpet for å hindre ras ut på E16.

Oppstart av planarbeidet vart annonsert i Sogn Avis 08.02.21, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 og § 3-7. Planoppstart vart også varsla i brev til offentlege instansar, grunneigar og andre berørte partar.

Planforslaget var ute til offentlig ettersyn i perioden 15.06.2021-15.08.2021.

Vurdering

Tiltaket er ikkje KU-pliktig, men det er gjort vurderingar knytt til tematikkar som landskapsbilete, naturmangfald, m.m., som følgjar under:

Landskapsbilete

Nærøydalen er ein djup dal med elv og flater i botn. Planområdet er ei bratt ras-vifte der det stadig kjem nye ras. Tidvis, når det har komme ned mykje stein er det behov for å rydde og tømme flaumløpet for å unngå at det rasar inn på E16. Området som ein ryddar og tek ut stein ifrå, vil vere utanfor vernegrensa slik at verneområdet ikkje vil bli påverka av tiltaket.

Naturmangfald

Det er føreteke søk i relevante databasar som Naturbase og Artskart, det er ikkje vore synfaring i området. Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller rødlista artar innanfor planområdet.

Vurdering av naturmangfaldslovens §§ 8-12

§8 Kunnskap om naturmangfald i området

Det vurderast at kunnskapen om naturmangfaldet i planområdet er god.

§9 Om føre-var-prinsippet

Det vurderast at føre-var-prinsippet ikkje er aktuelt sidan det vurderast at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og at det ikkje føreligger en risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet i planområdet.

§10 Samlet belastning på naturmangfaldet i planområdet.

Planlagde tiltak som følge av reguleringsplanen vurderast å ikkje ha negativ påverking på naturmangfaldet i området og det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak som vil gi økt belastning på naturmangfaldet i området.

§11 Kostnader ved miljøforringelse

Statens vegvesen som tiltakshavar dekker utgifter knytt til avbøtande miljøtiltak for å redusere skade på naturmangfaldet. Dette gjelder for eksempel tiltak for å ivareta Nærøydalselvi under opprydding.

§12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Det skal veljast teknikkar og metodar som minimerer skade på naturmangfaldet. Eventuelle midlertidige masselagring, oppstilling av maskinar skal ikkje skje på ein måte som kan føre til at dei forringar naturmangfaldet eller forureinar.

Kulturarv

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor reguleringsplanområdet. Det er innarbeida i føresegner at funn av automatisk freda kulturminne fører til at arbeidet stansast og meldast frå om til Vestland fylkeskommune, Kulturavdelinga, i samsvar med lov om kulturminner §8, andre ledd.7.5.

Geologi og grunnforhold

Det har vore fleire tilfelle av flaumskred. Det er utarbeida eit notat som tilrår at ein oppretthald praksis med å fjerne skredmassar frå det etablerte flaumskredløpet for å gje plass til nye flaumavsetningar.

Støy

Det er ikkje laga støysonekart i samband med denne reguleringsplan. Området som blir regulert er eit rasområde og ingen personar skal opphalde seg der. Det er ingen bustader i nærleiken.

Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det er utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse for driftsfasen av planområdet. Dei alvorlegaste hendingane som vart avdekka ved ROS er knytt til arbeid og reinsking.

1. Under reinsking og rydding i flaumløpet kan det komme nye ras. Dette kan ei stor fare for personar som oppheld seg i rasområdet. Maskiner kan også bli øydelagde. Avbøtande tiltak kan vere: God avrenning før arbeid, vurdere vertilhøve før arbeid, organisering av arbeidet. Geologisk vurdering, ved snø vurdere snøskredfare, forholde seg til prosedyre for rydding av skred.
2. Det kan også oppstå lekkasje av olje og drivstoff på anleggsmaskiner under arbeid. Dette kan føre til skade på miljøet. Avbøtande tiltak kan vere: Stille krav til nyare maskiner, tilgang på absorberande strømiddel, tilsyn på maskiner ved oppstart kvar dag.
3. Ved arbeid i flaumløpet vil det kunne vere anleggsmaskiner og bilar som køyrer inn og ut av området. Det kan vere fare for at bilar på E16 kolliderer med anleggsmaskiner. Avbøtande tiltak kan vere: Trafikkdirigering, lysregulering.

Fråsegn

Planforslaget har vore ute til offentleg ettersyn i perioden 15.06.2021 - 15.08.2021. Det kom inn totalt 3 fråsegn.

Advokat Nils O. Lid, på vegne av gnr.61, bnr.2, datert 09.08.21:

Rasmassane er ein viktig ressurs som gnr.61, bnr.2 ønsker å bruke til heving av terrenget. I reguleringsføresegnene må det stillast krav om at eigar av gnr.61, bnr.2 skal ha førsterett til massane frå flaumløpet. Slik at Statens vegvesen, i den grad grunneigar har godkjenning frå Aurland kommune, pliktjar å deponera massar etter tilvising frå eigar av gnr.61, bnr.2.

Kommentar frå SVV:

Brua over Nærøydalselva er smal og det er trøngt å svinge inn og ut av brua. Om massane frå flaumløpet skal fraktast over elva med større køyretøy, vil det krevje trafikkdirigering på E16 for å ivareta trafikktryggleiken. Statens vegvesen ønsker derfor ikkje å frakte massane over elva. Men om grunneigaren ønskjer å hente og frakte massar sjølv kan det vere aktuelt, då etter avtale med Statens vegvesen. Løyve til å deponere massar må grunneigar ordne sjølv.

Kommentar frå rådmannen:

Grunneigar kan søke løyve frå Aurland kommune til å deponere massar. Dersom grunneigar har løyve til å hente og frakte massar sjølv skal dei kunne gjere det, i nærare avtale med Statens vegvesen.

NVE, datert 09.07.21:

NVE har ingen merknad til planen.

Direktoratet for mineralforvaltning, datert 26.07.21:

Dei kan ikkje sjå at vegsikringstiltaket legg hindring for ytterlegare utnytting av dei mineralske ressursane i området og har derfor ikkje merknad til planen.

Samla vurdering:

E16 er ein viktig hovudveg mellom Bergen og Oslo og det er viktig at denne vegen er mest mogeleg open for fri ferdsel. Det vurderast at detaljreguleringsplanen er eit positivt tiltak som vil sikre betre og tryggare framkomst på E16.

Rådmannen tilrår at detaljregulering for Flaumløp E16 Hylland vert vedteken.

Uprenta vedlegg til saka:

18.10.2021 Plan- og eigedomsutval

Handsaming i møte:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

PEU-059/21 Vedtak:

Detaljregulering for Flaumløp E16 Hylland, planid 4641-2021002, vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Samrøystes.

04.11.2021 Kommunestyret

Handsaming i møte:

Saka vart sett opp i møtet som ekstrasak.

Røysting:

Framlegg frå Plan og eigedomsutvalet: Samrøystes

KS-086/21 Vedtak:

Detaljregulering for Flaumløp E16 Hylland, planid 4641-2021002, vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Samrøystes

Vedlegg:

Planomtale - E16 Hylland

Reguleringsføresegner - E16 Hylland

Reguleringsplankart - E16 Hylland

Merknadshandsaming - E16 Hylland

ROS - Rapport